



Fylkesmannen i Hordaland - Justis- og forvaltingsavd.
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1628 - 14/11578

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

23.10.2014

Dispensasjonssak Gbnr 69/30,31 Vågstaule - to støttemurar - dispensasjon frå arealføremål og byggeforbod i strandsone - oversending for klagevurdering

Saka gjeld søknad om oppføring av to terrengstøttemurar.

Planstatus

Eigedomen har etter kommuneplan for Radøy kommune arealføremål LNF. Tiltaket ligg innafør byggegrense mot sjø.

Tiltaket har trong for dispensasjon frå arealføremål, jf. plan- og bygningslova § 11-6, og byggeforbod i strandsone, jf. plan- og bygningslova § 1-8.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 15.10.14 der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone for oppføring av to støttemurar på følgjande vilkår:

- 1. Det skal utarbeidast terrengsnitt som viser opphavleg og nytt terreng som skal følgje med ved søknad om løyve til tiltak. Vidare skal det utarbeidast ein vurdering som viser at tiltaket er det minst inngripande for å oppnå naudsynt sikring. Endeleg plassering og utforming vert å godkjenne i byggesaka. I dette ligg det heimel for bygningsstyresmakta til å krevje endringar i utforming og plassering, herunder redusere storleiken på murene og stille konkret krav til utføring.*
- 2. Terrenget skal i størst mogleg grad førast attende etter utført tiltak. Murene skal i størst mogleg grad fyllast inntil.*
- 3. Skjeringar og høgdar skal sikrast.*

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 1-8, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tonje Nepstad Epland på e-post tonje.epland@radoy.kommune.no eller på telefon 56 34 90 50.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Følgjebrev søknad om tiltak og dispensasjon gnr 69 bnr 8,19, 23 Radøy kommune

Nabofråsegn

Nabovarsling

Teikningar, bilete

Teikning garasje plan snitt fasade

Teikning forstøtningsmur

Snitt/terrengsnitt veg og mur

Kart

Situasjonsplan

Søknad garasje, vindu, terrasse, grillhytte

Søknad diverse tiltak

Dispensasjonssak gbnr 69/30,31 Vågstaule - to støttemurar - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone

PLASSERING MUR

tegning forstøtningsmur fra Ove Toska

Gnr 69 bnr 30 og 31 Vågstaule - bekymringsmelding

MURRADØY - JØRN LAURITSEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland - Justis-
og forvaltingsavd.

Postboks 7310

5020

BERGEN